

NORGES VASSDRAGS- OG ENERGIDIREKTORAT (NVE)

Postboks 5091 Majorstua

0301 OSLO

Plan og miljøenheten

Dato: 26.03.2021

Vår ref: 20/01648-21

Dykkar ref:

Sakshandsamar: Edgar Vegge

Telefon: +47 38352857

Svar på høyring av detaljplan for miljø og landskap - Stølen kraftverk

Me syner til høyringa på detaljplanen for miljø og landskap for Stølen kraftverk.

Forvaltningsutvalet handsama saka i møte i og dag og vedtok denne fråsegna:

Forvaltningsutvalet meiner detaljplanen gjev ei grei omtale av utbygginga. Utvalet er glad for at Stølen Kraftverk AS legg stor vekt på å halda god dialog med hyttefolket og andre som nyttar området for å kunna ta omsyn og få i stand gode løysingar undervegs i arbeidet. Utvalet har desse innspela:

- *Av omsyn til grunnvassbrønnane må utsleppet av vatn frå tunellarbeidet skje nedanfor brua og eining for teknisk drift i kommunen må vera med på byggjemøte.*
- *Me meiner det må vera nokre faste periodar utan støyande arbeid, til dømes i helgene, i fellesferien og dei andre feriane gjennom året.*
- *Dersom det ikkje er gjort, så bør utbyggjar laga ein støyrapport for å sikra at støy frå turbinane ikkje blir noko problem i driftsfasen.*
- *På neset i Store Knabetjødn må ein rigga seg sånn at Knabenfolk og leirskulen framleis kan nytta plassen til bading og til landingsplass for kanoturar og at turløypa kan vera open.*
- *Utbyggjar må ta heile ansvaret for å leggja om løypa som kryssar Finndalsvatn, ikkje berre dekka kostnadene. Arbeidet må gjerast i nært samarbeid med Knaben Løyper.*
- *Det ligg inne to kryssingspunkt til framtidige turveggar mellom Finndalsdammen og inntaksdammen i kommunedelplanen for Knaben. Arbeidet må ikkje hindra at desse kan bli opparbeida i framtida.*
- *Hvis vasstanden i Bergetjødn skapar problem for gapahukane så må utbyggjar gjera avbøtande tiltak.*
- *Dei må passa på at gangvegen og parkeringsplassane attmed Storbrakka blir tatt vare på slik dei er regulert inn i områdereguleringa for Knaben.*



- *Å plassera ut rugekasser til fossekallen bør gjerast med hjelp frå ein fagperson sånn at kassene kjem på rette staden. Eventuelle inngrep i elva frå kraftverket og ned til Store Knabetjødn må setjast i stand igjen sånn at auren kan gyta og veksa som før.*
- *Knaben og Knabeheia er KULA-område som vil seia at det gruvepåverka landskapet har nasjonal kulturhistorisk interesse. Det er viktig at ein vernar om dette kulturmiljøet. Til dømes er dammane i Bergetjødn samt dammen i inntaksdammen bygd med kilt stein som utbyggjar bør ta vare på.*
- *Det er viktig at ein ikkje minskar tverrsnittet eller på annan måte legg hindringar i bekken som kjem gjennom tunellen frå gruvebyen. Vatnet må kunne renna like fritt som før.*
- *Me oppmodar utbyggjar til å halda god kontakt med byggesakshandsamar i kommunen for å sikra at naudsynte løyve frå kommunen kjem på plass før bygginga startar.*
- *Kommunen legg til grunn at NVE ser til at utbyggjar tek omsyn til flaum og skred.*

Saksutskrifta følgjer med som vedlegg.

Med helsing

Edgar Vegge
Skog- og miljørådgiver

Brevet er elektronisk godkjend og har derfor ingen signatur.

Kopi til: AGDER FYLKESKOMMUNE, Postboks 788 Stoa
, 4809 ARENDAL
Olav Fjotland, Fjotland 204, 4480 KVINESDAL
Verneområdestyret for Setesdal Vesthei, Ryfylkeheiane og Frafjordheiane
Statsforvalteren i Agder, Postboks 504, 4804 ARENDAL
STØLEN KRAFTVERK AS, Fjotland 204, 4480 KVINESDAL
NVE - Lars Midttun

Vedlegg:

Saksutskrift - Høyring på detaljplan for Stølen kraftverk

SAKSUTSKRIFT

Arkivsak-dok. 20/01648-11
Saksbehandler Edgar Vegge

Høyring på detaljplan for Stølen kraftverk

Saksgang	Møtedato	Saknr
1 Forvaltningsutvalget	26.03.2021	19/21

Forvaltningsutvalget har behandlet saken i møte 26.03.2021 sak 19/21

Møtebehandling

Innspill fra Olav Fjotland, ble sendt utvalgsmedlemmene i forkant av møtet.

Nytt forslag:

Forvaltningsutvalet meiner detaljplanen gjev ei grei omtale av utbygginga. Utvalet er glad for at Stølen Kraftverk AS legg stor vekt på å halda god dialog med hyttefolket og andre som nyttar området for å kunna ta omsyn og få i stand gode løysingar undervegs i arbeidet. Utvalet har desse innspela:

- Av omsyn til grunnvassbrønnane må utsleppet av vatn frå tunellarbeidet skje nedanfor brua og eining for teknisk drift i kommunen må vera med på byggjemøte.
- Me meiner det må vera nokre faste periodar utan støyande arbeid, til dømes i helgene, i fellesferien og dei andre feriane gjennom året.
- Dersom det ikkje er gjort, så bør utbyggjar laga ein støyrapport for å sikra at støy frå turbinane ikkje blir noko problem i driftsfasen.
- På neset i Store Knabetjødn må ein rigga seg sånn at Knabenfolk og leirskulen framleis kan nytta plassen til bading og til landingsplass for kanoturar og at turløypa kan vera open.
- Utbyggjar må ta heile ansvaret for å leggja om løypa som kryssar Finndalsvatn, ikkje berre dekkja kostnadene. Arbeidet må gjerast i nært samarbeid med Knaben Løyper.
- Det ligg inne to kryssingspunkt til framtidige turvegar mellom Finndalsdammen og inntaksdammen i kommunedelplanen for Knaben. Arbeidet må ikkje hindra at desse kan bli opparbeida i framtida.
- Hvis vasstanden i Bergetjødn skapar problem for gapahukane så må utbyggjar gjera avbøtande tiltak.
- Dei må passa på at gangvegen og parkeringsplassane attmed Storbrakka blir tatt vare på slik dei er regulert inn i områdereguleringa for Knaben.

- Å plassera ut rugekasser til fossekallen bør gjerast med hjelp frå ein fagperson sånn at kassene kjem på rette staden. Eventuelle inngrep i elva frå kraftverket og ned til Store Knabetjødn må setjast i stand igjen sånn at auren kan gyta og veksa som før.
- Knaben og Knabeheia er KULA-område som vil seia at det gruvepåverka landskapet har nasjonal kulturhistorisk interesse. Det er viktig at ein vernar om dette kulturmiljøet. Til dømes er dammane i Bergetjødn *samt dammen i inntaksdammen* bygd med kilt stein som utbyggjar bør ta vare på.
- Det er viktig at ein ikkje minskar tverrsnittet eller på annan måte legg hindringar i bekken som kjem gjennom tunellen frå gruvebyen. Vatnet må kunne renna like fritt som før.
- Me oppmodar utbyggjar til å halda god kontakt med byggesakshandsamar i kommunen for å sikra at naudsynte løyve frå kommunen kjem på plass før bygginga startar.
- Kommunen legg til grunn at NVE ser til at utbyggjar tek omsyn til flaum og skred.

Rådmannens forslag til vedtak med endring i kulepunkt 10 ble enstemmig vedtatt.

Votering

Rådmannens forslag til vedtak med endring i kulepunkt 10 ble enstemmig vedtatt.

Forvaltningsutvalgets vedtak

Forvaltningsutvalet meiner detaljplanen gjev ei grei omtale av utbygginga. Utvalet er glad for at Stølen Kraftverk AS legg stor vekt på å halda god dialog med hyttefolket og andre som nyttar området for å kunna ta omsyn og få i stand gode løysingar undervegs i arbeidet. Utvalet har desse innspela:

- Av omsyn til grunnvassbrønnane må utsleppet av vatn frå tunellarbeidet skje nedanfor brua og eining for teknisk drift i kommunen må vera med på byggjemøte.
- Me meiner det må vera nokre faste periodar utan støyande arbeid, til dømes i helgene, i fellesferien og dei andre feriane gjennom året.
- Dersom det ikkje er gjort, så bør utbyggjar laga ein støyrapport for å sikra at støy frå turbinane ikkje blir noko problem i driftsfasen.
- På neset i Store Knabetjødn må ein rigga seg sånn at Knabenfolk og leirskulen framleis kan nytta plassen til bading og til landingsplass for kanoturar og at turløypa kan vera open.
- Utbyggjar må ta heile ansvaret for å leggja om løypa som kryssar Finndalsvatn, ikkje berre dekkja kostnadene. Arbeidet må gjerast i nært samarbeid med Knaben Løyper.
- Det ligg inne to kryssingspunkt til framtidige turvegar mellom Finndalsdammen og inntaksdammen i kommunedelplanen for Knaben. Arbeidet må ikkje hindra at desse kan bli opparbeida i framtida.
- Hvis vasstanden i Bergetjødn skapar problem for gapahukane så må utbyggjar gjera avbøtande tiltak.
- Dei må passa på at gangvegen og parkeringsplassane attmed Storbrakka blir tatt vare på slik dei er regulert inn i områdereguleringa for Knaben.
- Å plassera ut rugekasser til fossekallen bør gjerast med hjelp frå ein fagperson sånn at kassene kjem på rette staden. Eventuelle inngrep i elva frå kraftverket og ned til Store Knabetjødn må setjast i stand igjen sånn at auren kan gyta og veksa som før.

- Knaben og Knabeheia er KULA-område som vil seia at det gruvepåverka landskapet har nasjonal kulturhistorisk interesse. Det er viktig at ein vernar om dette kulturmiljøet. Til dømes er dammane i Bergetjødn samt dammen i inntaksdammen bygd med kilt stein som utbyggjar bør ta vare på.
 - Det er viktig at ein ikkje minskar tverrsnittet eller på annan måte legg hindringar i bekken som kjem gjennom tunellen frå gruvebyen. Vatnet må kunne renna like fritt som før.
 - Me oppmodar utbyggjar til å halda god kontakt med byggesakshandsamar i kommunen for å sikra at naudsynte løyve frå kommunen kjem på plass før bygginga startar.
 - Kommunen legg til grunn at NVE ser til at utbyggjar tek omsyn til flaum og skred.
-

Høyring på detaljplan for Stølen kraftverk

Rådmannen si innstilling:

Forvaltningsutvalet meiner detaljplanen gjev ei grei omtale av utbygginga. Utvalet er glad for at Stølen Kraftverk AS legg stor vekt på å halda god dialog med hyttefolket og andre som nyttar området for å kunna ta omsyn og få i stand gode løysingar undervegs i arbeidet.

Utvalet har desse innspela:

- Av omsyn til grunnvassbrønnane må utsleppet av vatn frå tunellarbeidet skje nedanfor brua og eining for teknisk drift i kommunen må vera med på byggjemøte.
- Me meiner det må vera nokre faste periodar utan støyande arbeid, til dømes i helgene, i fellesferien og dei andre feriane gjennom året.
- Dersom det ikkje er gjort, så bør utbyggjar laga ein støyrapport for å sikra at støy frå turbinane ikkje blir noko problem i driftsfasen.
- På neset i Store Knabetjødn må ein rigga seg sånn at Knabenfolk og leirskulen framleis kan nytta plassen til bading og til landingsplass for kanoturar og at turløypa kan vera open.
- Utbyggjar må ta heile ansvaret for å leggja om løypa som kryssar Finndalsvatn, ikkje berre dekkja kostnadene. Arbeidet må gjerast i nært samarbeid med Knaben Løyper.
- Det ligg inne to kryssingspunkt til framtidige turvegar mellom Finndalsdammen og inntaksdammen i kommunedelplanen for Knaben. Arbeidet må ikkje hindra at desse kan bli opparbeida i framtida.
- Hvis vasstanden i Bergetjødn skapar problem for gapahukane så må utbyggjar gjera avbøtande tiltak.
- Dei må passa på at gangvegen og parkeringsplassane attmed Storbrakka blir tatt vare på slik dei er regulert inn i områdereguleringa for Knaben.
- Å plassera ut rugekasser til fossekallen bør gjerast med hjelp frå ein fagperson sånn at kassene kjem på rette staden. Eventuelle inngrep i elva frå kraftverket og ned til Store Knabetjødn må setjast i stand igjen sånn at auren kan gyta og veksa som før.
- Knaben og Knabeheia er KULA-område som vil seia at det gruvepåverka landskapet har nasjonal kulturhistorisk interesse. Det er viktig at ein vernar om dette kulturmiljøet. Til dømes er dammane i Bergetjødn bygd med kilt stein som utbyggjar bør ta vare på.
- Det er viktig at ein ikkje minskar tverrsnittet eller på annan måte legg hindringar i bekken som kjem gjennom tunellen frå gruvebyen. Vatnet må kunne renna like fritt som før.
- Me oppmodar utbyggjar til å halda god kontakt med byggesakshandsamar i kommunen for å sikra at naudsynte løyve frå kommunen kjem på plass før bygginga startar.
- Kommunen legg til grunn at NVE ser til at utbyggjar tek omsyn til flaum og skred.

Vedlegg

Oversiktskart

Saka kort fortalt

NVE har sendt på høyring forslag til detaljplan for miljø og landskap for Stølen kraftverk på Knaben.

Prosjektet går ut på å byggja opp att dammen i Finndalsvatn og heva vasstanden med inntil 7 meter slik han var før 1991. I Bergetjødn skal dei rehabilitera dammen og setja inn ny tappeluke,

reguleringshøgda er 1 meter. Vatnet tek dei inn i tunell attmed den gamle inntaksdammen i Knabeåna og førar det ned til kraftstasjonen nede med Store Knabetjødn.

Rådmannen føreslår å gje innspel om mellom anna forureining og drikkevatt, støy, friluftsliv, kulturminne, fossefall og fisk.

Bakgrunn

NVE har sendt på høyring forslag til detaljplan for miljø og landskap for Stølen kraftverk på Knaben. Stølen Kraftverk AS skriv at målet deira er at inngrep berre skal skje der det er naudsynt. Planen skal gje anleggsfolka ei forståing av viktige samanhengar mellom arbeidet og korleis anlegget vil framstå både i anleggs- og i driftsperioden.

Detaljplanen ligg nedst på denne nettsida: <https://xn--stlenkraftverk-rqb.no/nve-hoyring-av-detaljplanen-fram-til-26-mars/>

Konsesjonen

Det var Knaben Kraft AS som i si tid fekk konsesjon til å byggja Stølen kraftverk. Konsesjonen vart gjeve den 24. august 2012 og gjekk ut på å overføra vatn frå Bergetjødn til Finndalsvatnet, byggja opp att dammen i Finndalsvatnet og føra vatnet i røyr ned til kraftstasjonen attmed Store Knabetjødn. Seinare vart konsesjonen overført til Stølen Kraftverk AS.

Forvaltningsutvalget var positiv til prosjektet og gav denne fråsegna i 2009: «Omsøkte kraftverk er planlagt i et område som er svært viktig i forbindelse med friluftsliv og gruehistorie på Knaben. Vi ber derfor om at det ved en eventuell tillatelse legges vekt på at omlegging av turløype skjer på en hensiktsmessig måte som ikke reduserer turmulighetene sommer- og vinterstid. Vi ber også NVE vurdere slipp av minstevassføring på hele den berørte strekningen. Det er også viktig at Bergetjørn ikke benyttes som et reguleringsmagasin slik at landskapsbildet beholdes i størst mulig grad. Kraftstasjonen må tilpasses den lokale byggeskikken på Knaben. Det må også foretas avbøtende tiltak for å bevare livsvilkårene for fossefall.»

Seinare vart prosjektet endra. Stølen Kraftverk AS ynskte å skrinlegga overføringa frå Bergetjødn og dei ville flytta inntaket vekk frå Finndalsvatn og 780 meter ned i elva. Løyve vart gjeve den 30. oktober 2020. Dei får framleis lov til å regulera Bergetjødn med 1 meter, men vatnet skal renna ned i Knabeåna på naturleg vis. For å kompensera for lågare produksjon fekk dei lov til å auka slukevna i kraftverket. Endringane gjer at ein slepp inngrepa med å overføra vatn frå Bergetjødn, og det blir ikkje noko synleg røyrgate frå Finndalsvatn. Inntaket ligg rett nedstraums der bekken frå Bergetjødn kjem inn, og vassvegen blir i tunell.

Krava til minstevassføring frå Finndalsvatn er på 50 l/s i perioden 1. mai til 30. september og 25 l/s resten av året. Frå Bergetjødn må dei sleppa 20 l/s året rundt. Hvis vasstanden er på lågaste nivå (LRV) og tilsiget er mindre enn kravet til minstevassføringa, skal heile tilsiget sleppast. Frå inntaksdammen skal det til einkvar tid sleppast 70 l/s i perioden 1. mai til 30. september, og resten av året 45 l/s. Krava kjem dels av omsyn til biologien, særlig fossefallet, og dels av omsyn til landskapet.

Kort om byggjearbeida

Prosjektet går som nemnt ut på å byggja opp att dammen i Finndalsvatn og heva vasstanden med inntil 7 meter slik han var før 1991. I Bergetjødn skal dei rehabilitera dammen og setja inn ny tappeluke, men dette arbeidet vil dei venta med i nokre år på grunn av kostnader. Tillat reguleringshøgde i Bergetjødn er 1 meter.

Vatnet tek dei inn i tunell attmed den gamle inntaksdammen i Knabeåna. Herifrå og ned mot kraftstasjonen går vatnet først i tunell (557 meter), så ei kort strekning i røyr, før det endar opp i turbinane.

Røyr gata vil kryssa bekken som kjem gjennom tunellen frå gruvebyen. For å få til kryssinga vil dei leggja bekken i røyr og bruka sementrøyr med diameter 1800 mm. Dette er om lag same diameter som tunellen frå gruvebyen.

Kraftstasjonen blir bygd i betong for å likna på dei andre gruvebygga på Knaben. Grunnflata blir om lag 180 m².



Traktorvegen frå Reinshommen og opp til Finndalsvatn må dei rusta opp og utvida for å koma opp med utstyr. Kantane blir dekt med jord for å gjera inngrepa så lite synlege som mogleg.

For å få utstyr opp til Bergetjødn vil dei nytta snøskuter og beltemaskin på snøen. Eventuelt transportbehov i barmarksesongen blir ordna med helikopter.

Deponi og riggområde

Overskotet av masser er berekna til 9 500 m³. Desse stammar frå tunelldriften. Stølen Kraftverk AS skriv at dei har fleire stadar kor massane kan koma til nytte, mellom anna til alpinanlegget, lysløype og skiskytteranlegg. Dei skriv at hvis det blir aktuelt å nytta massane til løypekryssing i sørenden av Store Knabetjødn så vil dei prioritera dette.

Jord og andre toppmassar frå stasjonsområdet skal lagrast på neset rett nord for der Knabeåna kjem ut i Store Knabetjødn. Her skal dei òg lagra anna utstyr og materiale.

Dei planlegg fleire riggområde. Det største på om lag 11 dekar ligg oppe med dammen i Finndalsvatnet. Ellers blir det riggområde attmed Bergetjødn, inntaket, og på kraftstasjonsområdet.

Flaum, erosjon og skred

Stølen Kraftverk AS skriv at dei vil tilpassa kraftstasjonen til flaumfaren i området. Når det gjeld skred så syner dei til dei kommunale planane i området. Dei har ikkje gjort noko utredningar på skredfaren.

Forureining

Faren for forureining er knyta til tunellarbeidet, gravning, avløp frå brakkeriggen, avrenning frå transport og oppbevaring og bruk av olje og drivstoff.

Statsforvaltaren har sagt at dei ikkje treng utsleppsøyve forusett at arbeida ikkje fører til nemneverdige skadar eller ulemper, at dei har eit godt internkontrollsystem med

miljøriskovurderingar og at dei reknar ut mengda med utslepp til vatn og sender over måleprogrammet før arbeidet startar.

For å sikra seg så vil dei gjera desse tiltaka:

- rensa vatnet frå tunelldriften via sedimentasjonsbasseng og filtrering i tre containerar
- ta ukeblandprøver av rensa avløpsvatn og ta dagleg kontroll av pH og turbiditet
- hindra direkte avrenning frå riggområda til Knabeåna
- samla sanitæravløp i tett tank
- samla spillolje og kjemikalier i tette tankar
- ha absorpsjonsmiddel i beredskap til å fanga opp utslepp
- sortera og levera avfall til godkjent mottak

Støy og støv

I anleggsfasen vil det bli noko støy og støv. På grunn av den korte barmarkssesongen så må dei halda på om kvelden, i helgene og i sommarferien. Dei skriv at dei vil freista stoppa arbeidet i tidsrommet kl. 23-06. Om forholda skulle gjera det naudsynt så vil dei salta grusvegane for å hindra støvplager.

I driftsfasen blir det lite støy, det er berre frå kraftstasjonen at ein vil kunna høyra lyd. Stasjonen blir bygd slik at støyen ikkje skal overstiga 40 dB(A).

Biologisk mangfald og friluftsliv

Stølen Kraftverk AS skriv at dei vil ha stort fokus på å tilpassa inngrepa til landskapet og kulturmiljøet på Knaben. Sluttarronderinga prioriterar dei høgt.

Dei har ikkje avdekka sårbare artar som kan bli direkte påverka. For å hjelpa fossekallen så vil dei setja ut rugekasser på lokalitetar som ikkje fryser heilt til og som er eigna som overvintringsplassar.

Når det gjeld friluftsliv og løypenett så seier Stølen Kraftverk AS at dei har dialog med folk på Knaben for å få til gode løysingar medan arbeidet held på. Dei legg opp til at området skal kunne nyttast som før bortsett frå i sikringssonene. Etter at jobben er gjort vil vegen til Finndalsvatn vera oppgradert sånn at nye brukargrupper kan nytta han, til dømes syklistar.

Det blir naudsynt å leggja om løypa til Knaberøysa som i dag kryssar Finndalsvatn. Dei har sett på ein trasé i nordenden av vatnet. Stølen Kraftverk AS vil dekkja kostnadene i samsvar med konsesjonsvilkåra.

Dei vil laga gangbruer nedstraums dammen i Finndalsvatnet og over inntaksdammen som fotturistar kan nytta seg av.

Kulturmiljø

For å ta vare på ruinane etter det gamle vaskeriet, som ligg i nærleiken til kraftstasjonen, vil dei setja opp nokre forskalingsplater og "fenderar" på det smalaste punktet slik at køyretøya som passerar ikkje øydelegg murane.

Kraftstasjonen blir som nemnt bygd i betong for å likna på dei andre gruvebygga på Knaben.

Plan- og bygningslova


Stølen Kraftverk AS skriv at dei har søkt dispensasjon for dei tiltaka som ligg innanfor LNFR-område i kommuneplanen. Dei har engasjert Heile AS til å fylgja opp søknader og ha dialog med byggesakshandsamar i kommunen.

Tidsplan

Byggstart blir vonleg i mai i år og planen er at alt skal vera ferdig innan utgangen av 2022.

Vurdering

Detaljplanen gjev ei grei omtale av utbygginga. Til dømes ser det ut til at dei har eit bra opplegg for å hindra forureining i anleggsperioden. Men rådmannen minner om at grunnvassbrønnane til det kommunale drikkevattnet ligg ikkje langt frå kraftstasjonen. Her er det viktig at utbyggjar tek omsyn, mellom anna må utslippet av vatn frå tunellarbeidet skje nedanfor brua. Eining for teknisk drift i kommunen bør vera med på relevante byggemøte.



Tiltaksområdet ligg midt i kommunen sitt viktigaste satsingsområde for reiseliv og det finst mange hytter rett i nærleiken. I denne samanhengen er det særskilt viktig at utbyggjar informerer godt og nok. Stølen Kraft har laga ei nettside kor dei legg ut informasjon og dei har skipa ei referansegruppe med mellom anna velforeiningane. Dei vil vurdera opne folkemøte og å laga infoark som skal delast ut. Rådmannen meiner dette er gode tiltak som kan dempa eventuelle konflikter, men av omsyn til alle hyttefolka og turgåarane så bør det vera nokre faste periodar utan støyande arbeid ut over kl. 23-06, til dømes i helgene, i fellesferien og i dei andre feriane gjennom året.


Rådmannen kjenner ikkje til om utbyggjar har brukt fagfolk til å rekna på støyen frå turbinane. Kraftstasjonen er omgitt av hytter og turløypa rundt Store Knabetjødn går rett attmed. Dersom det ikkje er gjort, så meiner rådmannen at dei må laga ein støyrapport for å best mogleg sikra at turbinstøy ikkje blir noko problem i driftsfasen.

Når det gjeld friluftsliv så er det bra at området skal kunne nyttast som før. Vegen til Finndalsdammen vil naturleg nok vera lite tilgjengeleg så lenge vegarbeidet held på, men på telefonen seier utbyggjar at etter dette vil han vera open for folk, også i anleggsperioden. På vinterstid forstår me at han kan nyttast til løyper som før. Det er bra.


På neset i Store Knabetjødn, kor dei vil mellomlagra masser og utstyr, går turløypa forbi og Knabenfolk og leirskulen nyttar plassen til bading og til landingsplass for kanotur. Her må ein rigga seg sånn at dei framleis kan nytta plassen og at turløypa kan vera open.

Stølen Kraft skriv at dei vil dekkja kostnadene med å leggja om løypa til Knaberøysa. Her vil rådmannen minna om at dei òg har ansvaret for gjennomføringa, jf. konsesjonsvilkåra punkt 7: «Konsesjonæren plikter i nødvendig utstrekning å legge om turiststiar og klopper som er i jamt bruk og som vil bli neddemt eller på annan måte øydelagt/utilgjengelige.» Arbeidet må gjerast i nært samarbeid med Knaben Løyper.

Rådmannen minner om at det ligg inne to kryssingspunkt til framtidige turvegar mellom Finndalsdammen og inntaksdammen i kommunedelplanen for Knaben, sjå kartet nedanfor. Arbeidet må ikkje hindra at desse kan bli opparbeida i framtida.



Nettilknyttinga kan sjå ut til å koma i konflikt med gangvegen attmed Storbrakka. Denne gangvegen ligg inne i områdereguleringa for Knaben, sjå nedanfor. Utbyggjar må sjå til at gangvegen og parkeringsplassane blir tatt vare på slik dei er regulert inn.



Rådmannen vil òg peika på ein mogleg konflikt med gapahukane inst i Bergetjødn. Når me legg inn HRV = 820 på kart så ser det ut til at den eine bua vert liggande rett i vankanten, sjå kartet til høgre. Her må utbyggjar vera budd på å gjera tiltak.

Når det gjeld rugekasser til fossekallen så meiner rådmannen at dei må få hjelp frå ein fagperson til å setja kassene på rette staden.

Eventuelle inngrep i elva frå kraftverket og ned til Store Knabetjødn må setjast i stand igjen sånn at auren kan gyta og veksa som før.

Ruinane til det gamle vaskeriet vil, så langt rådmannen kan sjå, bli bevart ut frå dei tiltaka som er omtala i detaljplanen. Rådmannen meiner òg at kraftstasjonen har fått ein fin utforming som vil passa inn i kulturmiljøet på Knaben. Men me vil minna om at Knaben og Knabeheia er KULA-område som vil seia at det gruvepåverka landskapet har nasjonal kulturhistorisk interesse. Det er viktig at ein vernar om dette kulturmiljøet. Til dømes er dammane i Bergetjødn bygd med kilt stein som utbyggjar bør ta vare på.



Tunellen som leier bekken frå gruvebyen over i Knabeåna vart laga mellom anna for å hindra utvasking frå det store gruveponiet. Det er bra at dei skal nytta røyr med same tverrsnitt som tunellen. Det er viktig at ein ikkje minskar tverrsnittet i bekken eller på annan måte hindrar at vatnet kan renna like fritt som før.

Utbyggjar treng dispensasjonar frå kommunale planar for å gjennomføra utbygginga. Rådmannen syner til referat frå førehandskonferanse som vart sendt frå byggehandsamar 29. desember 2020 om dette temaet. Me oppmodar til å halda god kontakt med byggesakshandsamar for å sikra at naudsynte løyve kjem på plass.

Rådmannen legg til grunn at NVE ser til at dei tek omsyn til flaum og skred. Tiltaksområdet ligg innanfor omsynssonar for både flaum og skred med sikringssoner for skog i kommunale planar. Fagrapportar finn de her:

https://webhotel3.gisline.no/Webplan_4227/gl_planarkiv.aspx?planid=10372011003

Økonomiske konsekvensar

Positivt økonomisk tiltak.

Konsekvensar for barn og unge

Badeplassar og turløyper må haldast opne så langt råd er. Støy kan vera problematisk. Det er viktig at utbyggjar informerer og tek omsyn.

Konsekvensar for klima og miljø

Rådmannen har nokre anbefalingar for å minska faren for skadar på miljøet.

Konsekvensar for folkehelse

Badeplassar og turløyper må haldast opne så langt råd er. Støy kan vera problematisk. Det er viktig at utbyggjar informerer og tek omsyn.

Konklusjon

Rådmannen føreslår å gje innspel om mellom anna forureining og drikkevatn, støy, friluftsliv, kulturminne, fossefall og fisk.

RETT UTSKRIFT

DATO 26.mars.2021